

Til orientering:

Møtet vart flytta til Idrettssenter av praktiske årsaker. I forkant av årsmøte skulle Åsmund Nordgulen, koordinator i Forum for natur og friluftsliv presentere (via Teams) tema; Korleis kan ein engasjere seg i plansaker og beskytte naturen? Pga. sjukdom vart dette avlyst, men det blir sett opp nytt møte ved seinare høve.

Protokoll frå ordinært årsmøte for Naturvernforbundet i Kinn

Dato for møte: Torsdag 27. mars 2024 kl. 1915-2100

Stad: Florø Idrettssenter

Frammøte: Det var 7 medlemmer med på årsmøte, alle stemmeberettigte.

Sak 1 Val av møteleiar, referent og protokollunderskrivarar

Siri vart vald som møteleiar. Kjersti Grinde vart vald som referent. Lasse Huldt Pedersen og Birte Reed Solheim vart vald til å skrive under på protokoll.

Sak 2 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Årsmøteinnkallinga er sendt ut og kome medlemmane i hende, seinast innan 1 månad før årsmøte. Årsmøte er med dette lovleg innkalt etter vedtektene. Dagsorden for møte vart sendt ut saman med innkallinga og gjennomgått før møte. Innkallinga og dagsorden vart einstemmig godkjent.

Sak 3 Årsmelding 2024

Vedlagd årsmelding for 2024 vart gått igjennom. Det vart rapportert på «Framande artar-prosjektet» og «Plastprosjektet», der det enno står att prosjektmidlar. I tillegg vart det rapportert om fleire andre aktivitetar gjennomført i 2024. Årsmeldinga vart einstemmig godkjent.

Sak 4 Regnskap 2024

Eigenkapitalen til NNV i Kinn var per 31.12.24, kr. 96.351.57. Rekneskapen vart einstemmig godkjent.

Sak 5 Val

Valkomiteen la fram forslag til innstilling til styre for 2025 som under, og årsmøte godkjende innstillinga slik foreslått:

Styreleiar:	Siri L. Stavang (på val. Fortsetter som leiar inntil ny leiar er på plass. Siri går då over som styremedlem)
Styremedlem:	Kjersti Grinde (på val, og vald for 2 nye år)
Styremedlem:	Lasse Pedersen (ikkje på val, 1 år att)
Styremedlem:	Audhild Teigen (ikkje på val, 1 år att)
Kasserer:	Bjarne M. Berge (på val, og vald for 2 nye år)

Årsmøtet delegerte til valnemnda å finne ny styreleiar i Naturvernforbundet i Kinn, og gav styret myndigheit til å behandle sak på styremøte om framlegg til ny styreleiar, når nytt forslag ligg føre.

Styret la fram forslag om at Jon Anders Stavang og Bjarne M. Berge fortsette som valnemnd i 2 nye år, og årsmøte godkjende forslaget.

Val av utsendingar til årsmøtet i Fylkeslaget: Årsmøte godkjende at styret deltek på Fylkesårsmøtet.

Sak 6 Aktivitetsplan og budsjett 2025

Forslag til aktivitetsplan utarbeidd av styret vart gått igjennom. Aktivitetsplan vart einstemmig godkjent med tilføyning under pkt 4) Verving av medlemmer; auke promotering på SoMe og andre relevante arenaer og nytt punkt 5) Kompetanseheving og arrangement (med underpunkt, ref. Aktivitetsplan NNV i Kinn 2025).

Budsjett er delegert til styret.

Sak 7 Innmeldte saker/eventuelt

Ingen saker.

Sign.



Lasse Huld Pedersen



Birte Reed Solheim